



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato
04.01.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/3925 621
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Oppfølging av tilsyn 2015 – kommunen si handtering av meldingar og tilbakemelding til meldar

Vi viser til gjennomført tilsyn med tema kommunen sin handtering av meldingar og tilbakemelding til meldar.

Vi viser til vårt brev av 9. september og til dykkar e-post av 30. desember vedlagt kommunen si reviderte rutine for handtering av meldingar og evaluering av tiltak som er sett i verk etter tilsynet.

Så langt vi kan sjå er rutinen revidert mellom anna når det gjeld tilbakemelding til meldarar. Den reviderte rutinen er ikkje i samsvar med føresegna i barnevernlova § 6-7a.

Det går fram av rutinen pkt 3.4 at offentleg meldar skal få opplysning om det vert sett i gang undersøking. Vidare går det fram at barneverntenesta kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan dersom det er naudsynt for å fremje barneverntenesta sine oppgåver, ved samtykke eller for å oppnå det formål opplysningane er gitt eller innhenta for.

Vi viser til rapport etter tilsynet der vi viser til føresegna om tilbakemelding til meldar i barnevernlova § 6-7a. Hovudregelen er at offentleg meldar skal få tilbakemelding frå barneverntenesta om at melding er motteken, om det er sett i verk undersøking og om tiltak er sett i verk. I tillegg skal barneverntenesta vurdere om offentleg meldar skal ha tilbakemelding om kva tiltak går ut på når det er nødvendig for at meldar skal kunne vareta sine plikter overfor barnet. Plikta til tilbakemelding til meldarar etter bvl § 6-7a strekkjer seg altså lenger enn den plikta barneverntenesta har til å gi tilbakemelding dersom dette er nødvendig for å fremje barneverntenesta sine oppgåver etter bvl § 6-7.

Det er nødvendig at Meland kommune snarast endrar rutinen i samsvar med dette.

Vi ber om tilbakemelding når rutinen er endra, og vi ber om at rutinen vert sendt oss så snart den er endra i samsvar med lova. Vi ber i tillegg om å få tilsendt evaluering av dei tiltak som er nødvendig å sette i verk for å sørge for at praksis etter dette er i samsvar med lova.

Frist for tilbakemelding om evaluering vert sett til 31. mars 2016.

Med helsing

Øystein B Jacobsen
seksjonsleiar

Hilde Ordemann
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.